




Foto: Hardangerbadet AS

Årsmelding og rekneskap 2024

Kvammabadet KF

Årsmelding

Kvammabadet KF

Kvammabadet KF er eit kommunalt føretak og ein del av konsernet Kvam herad, med ansvar for å tilby eit badeanlegg til bruk for skule og ålmenta. Dette saman med det privat familiebasseng utgjør opplevingssenteret Hardangerbadet.

Om Kvammabadet

Verksemda sitt virke

Kvam Kvammabadet KF (Kvammabadet) skal i samsvar med vedtektene stå for drift av anlegg til skulebading. Seksjonen til Kvammabadet utgjør saman med tilstøytande seksjonar eigd av Hardangerbadet Eigedom AS og Almeland Eigedom AS, opplevingssenteret Hardangerbadet. Når badeanlegget ikkje vert nytta til kommunale føremål, kan Kvammabadet leiga ut seksjonen til kommersiell drift.

Om anlegget

Kvammabadet sin del av anlegget består av garderobeanlegg, trenings- og konkurransebasseng og eit opplærings- og terapibasseng. Dagleg drift og vedlikehald av anlegget er sett ut til Hardangerbadet AS gjennom ein samarbeids- og driftsavtale av 22. september 2020. Avtalen er no fornya for åra 2025-2026.

Dei kommunale bassenga vert nytta til skulebading, og målet er å læra alle born i skulealder å symja og meistra aktivitetar i vatn. I tillegg nyttar også fleire barnehagar tilbodet.

Aktivitet 2024

2024 var Hardangerbadet sitt femte driftsår og det andre heile året med full drift utan avstenging av anlegget grunna Covid-19 pandemien. Oversikt frå Hardangerbadet AS viser at det var 1 826 færre besøkande i 2024 enn året føre. Totalt registrerte badet 45 796 besøkjande mot 47 622 i 2023.


Tabell – Besøktal Hardangerbadet 2020-2024

Månad	2020	2021	2022	2023	2024	Endring frå i fjor	Akk. endring frå i fjor
Januar	5 628	4 200	2 590	3 986	4 757	771	771
Februar	8 741	1 128	3 318	3 871	5 034	1 163	1 934
Mars	3 002	3 390	4 398	4 545	5 141	596	2 530
April	0	1 032	3 716	4 080	2 636	-1 444	1 086
Mai	0	2 893	3 509	4 074	2 181	-1 893	-807
Juni	1 857	2 694	2 428	1 472	2 156	684	-123
Juli	8 545	6 063	6 294	6 568	5 526	-1 042	-1 165
August	4 157	4 222	3 561	3 767	3 577	-190	-1 355
September	4 226	2 995	2 890	3 990	2 783	-1 207	-2 562
Oktober	4 917	5 284	5 063	5 226	4 742	-484	-3 046
November	4 654	3 621	3 813	3 346	3 521	175	-2 871
Desember	3 866	1 514	2 929	2 697	3 742	1 045	-1 826
Sum	49 593	39 036	44 509	47 622	45 796	-1 826	

Aktivitet i 2024

2024 har vore eit år prega av eit stort arbeid med å reforhandle ny drifts- og samarbeidsavtale med Hardangerbadet AS (HB) og Hardangerbadet Eigedom AS (HBE). Eksisterande drifts- og samarbeidsavtale og oppdragsavtalen mellom HB og seksjonseigarane HBE og Kvammabadet KF løp ut 31.12.2024. Det er forhandla fram ei ny avtale for nye 2 år (2025-2026) med nye prinsipp om fast pris på inntekter og kostnader som er vedteken av Heradsstyret (HST 124/24). Elles ingen endringar i innhald med unntak av ein har teke høgde for auka vedlikehaldsbehov framover.

Det har vore viktig å få fram eit relevant faktagrunnlag som input til ny avtale samt moment som kan bidra til betre og meir effektivt samarbeid og samhandling. Figuren under synar prosessen me har gjennomført for å lande ein ny avtale.



Den nye avtalen inneber at drift- og vedlikehaldskostnaden vert låst til ein fast anbudspris som HB må halda seg innanfor. I tillegg har me omgjort den kompliserte avrekninga og utrekninga av netto billettinntekter til ei fast husleige. Nivå på kostnad og husleigeinntekt er fastsett basert på eit forventa «normalår» med 2023 som utgangspunkt. Kommunen dekkjer sjølv kostnaden med drift og forvaltning av KF'et som også gjer at HB ikkje må av rekna denne som ein ukjent variabel kostnad kvart år. I sum er dette ein enklare driftsmodell for alle partar.

Av andre gjennomførte aktivitetar i Kvammabadet KF kan nemnast:

- **4 styremøter i 2024** – 29.01, 21.03, 21.08 (ekstraordinært) og 22.10
- **Møter med heradet** - Dialogmøte formannskap og møte kontrollutval (7.5 og 15.5), møte med formannskap om framlegg til ny drifts- og samarbeidsavtale (7.11) og dialog med valnemnda.
- **Evaluering av styret og styresamansetnad** – Utarbeid notat til valnemnda til Kvam herad

Økonomien i 2024

Kvammabadet sitt rekneskap inngår i kommunen sitt konsernårsrekneskap, og det er kommunestyret som vedtek årsrekneskap og årsrapport.

Økonomisk stilling og utvikling

Årsrekneskapen til Kvammabadet KF er gjort opp i balanse.

Resultatrekneskapen viser at Kvammabadet KF hadde kr. 7 724 445 i samla inntekter for 2024. Samla kostnader utgjør tilsvarende sum som gir et null resultat. KF'et sin del av netto billettinntekter/husleige for 2024 er kr 2 643 528 kroner som er i tråd med budsjett og avrekning i drifts- og samarbeidsavtalen. KF'et har videre bokført tilskot frå Kvam herad i form av strukturinnsparing kr. 3 100 000 og ekstra tilskot til drift og forvaltning av KF'et. Heradsstyret vedtok (HST 125/24) at Kvammabadet KF ikkje skal av rekna kostnad for drift og forvaltning av KF'et mot Hardangerbadet AS. I vedtaket rekna til kr. 900 000 som er opphøveleg budsjett kr. 560 000 pluss meirkostnader i samband med ny drifts- og samarbeidsavtale rekna i prognosen til kr. 340.000. Vidare er kostnaden med drift- og vedlikehald av KF-seksjonen kr. 5 743 532.

Etter samarbeids- og driftsavtalen med Hardangerbadet AS og Hardangerbadet Eigedom AS, er det føresett at leigeinntektene til Kvammabadet skal tilsvare Kvammabadet sine kostnader til drift, forvaltning og vedlikehald av Kvammabadet sin seksjon i det enkelte år. I pkt 6.3 i avtalen framgår det at *«Dersom KF sin andel av billettinntektene ikkje dekker KF sine kostnader til drift, forvaltning og vedlikehald av KF-seksjonen det aktuelle året, skal HB (Hardangerbadet) kvart år dekke det resterande etter påkrav frå KF»*.

Rapport frå Hardangerbadet AS med endeleg rekneskap på KF sin del av billettinntekter og utgifter viser ikkje underskot i 2024. Rekneskapen i Kvammabadet KF er difor ihht avtalen avslutta utan avrekning mot Hardangerbadet AS.

For 2024 er rekneskapen gjort opp i balanse som gjer at det ikkje vil bli sendt eit slikt krav frå Kvammabadet KF til Hardangerbadet AS.

Resultatrekneskap

	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Endring rekneskap 2023-2024	Budsjett 2024	Avvik mot budsj. 2024
Billettinntekter/husleige	2 646 231	2 643 528	- 2 703	2 643 528	-
Husleigeinntekt, ekstra ihht avtale	234 547	-	- 234 547	-	-
Tilskot frå garantistar	1 000 000	-	- 1 000 000	-	-
Tilskot frå Kvam herad til drift KF	-	960 707	960 707	560 240	- 400 467
Momskompensasjonsinntekt drift	939 079	1 020 210	81 131	829 326	- 190 884
Strukturinnsparing (overføring frå KH)	3 100 000	3 100 000	-	3 100 000	-
Sum inntekter	7 919 857	7 724 445	- 195 412	7 133 094	- 591 351
Drift og forvaltning KF	450 783	960 703	509 920	560 240	- 400 463
Drift og vedlikehold KF seksjon	5 529 995	5 743 532	213 537	5 743 528	- 4
Dekning av tidl. års negative driftsres.	1 000 000	-	- 1 000 000		-
Momskompensasjonsutgift drift	939 079	1 020 210	81 131	829 326	- 190 884
Sum kostnader	7 919 857	7 724 445	- 195 412	7 133 094	- 591 351
Resultat	-	-	-	-	-

§5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)

Kontoartar	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Reg. budsj. 2024	Opprinneleg budsj. 2024
Driftsinntekter				
1 Rammetilskot				
2 Inntekts- og formuesskatt				
3 Eigedomsskatt				
4 Andre skatteinntekter				
5 Andre overføringer og tilskot frå staten				
6 Overføringer og tilskot frå andre	5 039 079	5 080 917	4 489 566	3 929 326
7 Brukarbetalingar	-	-	-	-
8 Sals- og leigeinntekter	2 880 778	2 643 528	2 643 528	2 643 528
9 Sum driftsinntekter	7 919 857	7 724 445	7 133 094	6 572 854
Driftsutgifter				
10 Lønsutgifter	181 000	190 774	-	-
11 Sosiale utgifter	25 521	26 899	-	-
12 Kjøp av varer og tenester	5 775 461	6 488 253	6 303 768	5 743 528
13 Overføringer og tilskot frå andre	939 075	1 020 210	829 326	829 326
14 Avskrivningar	-	-	-	-
15 Sum driftsutgifter	6 921 057	7 726 136	7 133 094	6 572 854
16 Brutto driftsresultat	998 800	- 1 691	-	-
Finansinntekter				
18 Utbytter	1 201	3 784		
20 Renteutgifter	-	2 092		
22 Netto finansposter	1 201	1 692	-	-
24 Netto driftsresultat	1 000 000	-	-	-
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
29 Bruk av disp./dekning av nto driftsres.	1 000 000	-		
32 Framført til inndekking i seinere år	-	-	-	-

Balanse

Oversikt - balanse	Rekneskap 2024	Rekneskap 2023	Endring rekneskap 2024
Eigedelar			
A. Anleggsmidler			
B. Omløpsmidlar	1 324 281	2 001 838	-677 557
I. Bankinnskott og kontantar	103 274	101 287	1 987
II. Finansielle omløpsmidlar			0
III. Kortsiktige fordringar	1 221 007	1 900 551	-679 544
1. Kundefordringar	1 207 582	1 887 126	-679 544
2. Andre kortsiktige fordringar	13 425	13 425	0
Sum eiendeler	1 324 281	2 001 838	-677 557
Eigenkapital og gjeld			
C. Eigenkapital	0	0	0
I. Eigenkapital drift	0	0	0
1. Disposisjonsfond	0	0	0
2. Bundne driftsfond	0	0	0
3. Meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0
4. Mindreforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0
D. Langsiktig gjeld	0	0	0
I. Lån	0	0	0
E. Kortsiktig gjeld	1 324 281	2 001 838	-677 557
I. Kortsiktig gjeld	1 324 281	2 001 838	-677 557
1. Leverandørgjeld	400 000	900 000	-500 000
4. Anna kortsiktig gjeld	924 281	1 101 838	-177 557
Sum eigenkapital og gjeld	1 324 281	2 001 838	-677 557

Andre forhold

Det er ikkje andre vesentlege moment å nemna særskild.

Styre og leiing

Styret

Styret har i perioden 1. januar 2024 til 31. desember 2024 hatt fylgjande medlemmer:

Styreleiar:	Reidun Skålheim Solberg	(2023-2025)
Nestleiar:	Frank Eithun Helland	(2021-2024)
Styremedlem:	John Audun Jensen	(2021-2025)
Varamedlem:	Marie Steine	(2021-2025)

12. desember 2024 har heradsstyret (HST141/2024) gjort vedtak om fylgjande samansetnad av styret:

Styreleiar:	Reidun Skålheim Solberg	(2023-2025)
Nestleiar:	Stian Vika	(2025-2026)
Styremedlem:	John Audun Jensen	(2021-2025)
Varamedlem:	Marie Steine	(2021-2025)

Valperioden for styremedlem er fire år, medan valperioden for leiar og nestleiar er to år. Medlem av styret fungerer inntil nytt medlem er vald.

Styresamansetjinga inneber ei fordeling på 50% mellom kjønna.

Tom Rasmussen som vart engasjert som dagleg leiar i 2023. Kvammabadet KF har etter ei offentlig anbudsrunde, inngått ein ny oppdragsavtale med Tom Rasmussen som dagleg leiar gjennom sitt selskap TR Consulting AS. Avtalen gjeld for 3 år (2024-2026) med opsjon på ytterlegare 1+1+1 år.

Etisk standard

Som eit kommunalt føretak, pliktar Kvammabadet å følgja dei etiske reglane og retningslinjene til Kvam herad, sjå link: <https://www.kvam.no/politikk-og-organisasjon/politikk/reglement/politisk-reglement/etiske-retningslinjer-for-folkevalde/>

Norheimsund, 24. mars 2025

Reidun Skålheim Solberg
Styreleiar

Stian Vika
Nestleiar

John Audun Jensen
Styremedlem

NOTAR

Note 1 Arbeidskapital

BALANSEN	31.12.2024	01.01.2024	Endring
Omløpsmidler	1 324 281	2 001 838	-538 767
Kortsiktig gjeld	1 324 281	2 001 838	-538 768
Arbeidskapital	1	0	1
DRIFTS- OG INVESTERINGSREGNSKAPET (bevilgningsoversikter)	2024		
Netto driftsresultat			0
Netto utgifter/inntekter i investering			0
Endring ubrukte lånemidler (økning +/- reduksjon-)			0
Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsregnsk.			0
Differanse i endr. arbeidskapital balanse og drift og investering	1		

Note 2 til note 15 er ikkje aktuelle for Kvammabadet KF

Note 16 Ytingar til leiande personar

	Brutto lønn	Godtgjersle 2024	Bonus	Møtegodtgjersle
Styreleiar	-	84 320	-	12 648
Dagleg leiar *)	-	538 683	-	0
DL-arbeid		236 824		
Bistand ny avtale		301 859		

Styrehonorar og møtegodtgjersle fastsett av heradsstyret (SAK 132/22) indeksregulert for lønnsvekst 2024 (5,4%). Samlet honorar og møtegodtgjersle til styret var kr. 190.774 ekskl. sosiale kostnader. Funksjon som dagleg leiar er regulert gjennom inngått oppdragsavtale med TR Consulting AS v/Tom Rasmussen

Note 18 Konsolidert rekneskap

I konsolidert rekneskap inngår Kvam herad og Kvammabadet KF

Andel av kommunalt føretak sine inntekter som kjem frå kommunen	61 %
Andel av kommunalt føretak sine inntekter som kjem frå andre	39 %
Overføring frå kommunen for å dekke inn meirforbruk i føretaket	0